

SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE FOR LANDBRUKSRELATERTE SØKNADER FRÅ UTVIKLINGSFONDET I SØR-FRON KOMMUNE

MJØLKEKVOTE

Sør-Fron kommune kan gje støtte frå utviklingsfondet til mindre tiltak i landbruket.

1. Ordninga skal ikkje gje tilskot til tiltak som får støtte frå andre offentlege ordningar i jordbruket. Det gjeld både prosjektstøtte, som bygdeutviklingmidlar (BU) og spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), og driftsstøtte, som produksjonstilskot (PT). Tilskot til setring er eit unnatak, her kan ein få både kommunalt og nasjonalt tilskot. Minste utbetaling er kr 5000 i tilskot for ordningane «nydyrking» og «rydde nytt beite.» For ordningane «kjøp av mjølkekvote» og «setring» er det ikkje nedre grense for utbetaling. For å kunne søke om støtte i denne ordninga må søkaren også søke produksjonstilskot, PT.

2. Omfattar søknaden areal som søkaren ikkje eig, må han legge fram avtale mellom seg og eigaren.

3. Sør-Fron kommune kan gje:

3.1 Tilskot til nydyrking med inntil kr. 2.000 pr. daa og maksimalt kr. 20.000 pr. søkar pr. år. Nydyrking må vere godkjent av kommunen etter søknad om nydyrking, sjå forskrift om nydyrking. Deretter kan ein søke om tilskot frå Sør-Fron kommune til den aktuelle dyrkinga. Tilskotet blir betalt ut når dyrkinga er gjennomført og godkjent av kommunen.

3.2 Tilskot til kjøp av mjølkekvote med maksimalt kr. 20.000 pr. søkar pr. år. Kvoteigar får støtte inntil 50 % av pris på statleg kvote for geit- og kumjolk ved kjøp av mjølkekvote. Det gjeld både geit- og kukvote som er kjøpt frå staten og frå private seljarar. Kjøpet må vere gjennomført og dokumentert med kopi av kvittering for betaling, før tilskotet blir betalt ut. For tida er den statlege prisen kr. 2,50 for geit- og kukvote. Dersom kvota blir solgt eller leid ut innan 3 år kan Sør-Fron kommune krevje støtta tilbakebetalt.

3.3 Tilskot til rydding av nytt innmarksbeite med inntil kr. 500 pr. daa og maksimalt kr. 10.000 pr. søkar pr. år. Søknad om tilskot må sendast før tiltaket blir sett i gang. Søknaden må innehalde ein plan med kart over området ein planlegg å rydde. Ryddinga må ikkje vere i strid med anna lovverk, t.d. verneforskrifter. Tiltaket får ikkje støtte gjennom SMIL-ordninga. Tiltaket kan kombinerast med "flistoltilskot". Beitearealet skal vere ferdig rydda dvs. kvist og hogstavfall må vere fjerna eller samla i haugar. Beitet må vere rydda og inngjerda før tilskotet blir betalt ut.

3.4 Tilskot til setring med inntil kr. 8.000 pr søkar og år. Tilskotet kan bli gitt til bruk som driver setring med levering av mjølk i minimum 8 veker frå setra, jamfør RMP ordninga og regionalt miljøprogram. Tilskot til setring blir betalt ut på etterskot, i mars månad året etterpå. Det fell saman med rutiane for RMP.

4. Tiltakshaver er sjølv ansvarleg for dei tiltaka som blir sett i verk. Det blir ikkje gitt tilskot til arbeid som er sett i gang eller ferdig utført før søknaden er behandla. Det er høve til å melde tidleg oppstart for nydyrking og rydding av nytt innmarksbeite

Det er høve til å søke på fleire ordningar same år.

5. Andre forhold:

5.1 Søknadsfrist er 15. mars kvart år.

5.2 Administrasjonen forbereder sakene og fatter vedtak. Klage på vedtak blir behandla i tråd med forvaltningsloven § 28, 2. ledd.

5.3 Viss det blir nødvendig å prioritere så skal ein bruke denne rekkefølga:

5.3.1 Setring med eit utbetaling på kr. 3.000 per aktiv seter.

5.3.2 Nydyrking, inntil 10 daa og kr. 20.000.

5.3.3 Kjøp av mjølkekvote, inntil kr. 20.000.

5.3.4 Rydde nytt innmarksbeite, inntil 20 daa og kr. 10.000.

5.3.5. Setring, inntil kr. 5.000 per aktiv seter.

5.4 Tilskotssatsen blir årleg tilpassa mengda pengar ein har til rådvelde.

5.5 Midlar som ikkje blir disponert eit år kan bli overført til neste år.

5.6 Ved fleire søkarar enn det ein har midlar til, blir søkarliste rullert over fleire år.

5.7 Innvilga tiltak har ein frist på tre år for ferdigstilling. Tiltakshavar kan søke utsetjing i inntil to år.

Administrasjonen behandlar utsettingssøknader.

SØKNADSRISTEN ER 15. MARS 2020

Snu arket

**SØKNAD OM TILSKUDD TIL KJØP AV MJØLKEKVOTE 2020
(GJELDER KJØP I 2019)**

Søkerens navn

Adresse Gnr/bnr

Tlf E-post

Organisasjonsnr Bankkontonr

Kjøpt frå staten liter kumjølkkvote

Kjøpt frå private liter kumjølkkvote

Kjøpt frå private liter geitmjølkkvote

Sted/dato Underskrift

Vedlegg

1. Kopi av kvittering for kjøp fra staten

2. Kopi av kvittering for kjøp fra private

Søknaden sendes til:
Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor
Kommunevegen 1
2647 SØR-FRON